




JERNBANEVERKET INFORMERER:

# Voss stasjon

Mars 2011



Jernbaneverket skal modernisere Voss stasjon.  
(Foto: Ragnild Aagesen, Jernbaneverket)

## Voss stasjon fornyast

Voss stasjon er eit viktig trafikknutepunkt, og med meir enn 600.000 reisande årleg er Voss stasjon ein av Bergensbanens viktigaste og mest trafikkerte jernbanestasjonar.

Av omsyn til kapasitet og krav til funksjonalitet og tryggleik skal stasjonen no fornyast.

### **i** Anleggsarbeid:

Dei førebuande arbeida på Voss er allereie sette i gang. Arbeida med hovudentreprisen vil truleg starte i juni. Alle anleggsarbeida skal etter planen vere ferdige innan utgangen av 2012.



Det skal byggjast ny plattform og tilkomst via undergang til spor 2 og 3 på Voss stasjon. (Illustrasjon: Jernbaneverket/Asplan Viak AS)

## Betre tilkomst og auka tryggleik

For å betre tilkomsten og auke tryggleiken for dei reisande på Voss stasjon skal Jernbaneverket byggje ny plattform og tilkomst til spor 2 og 3. I tillegg skal delar av det jernbanetekniske anlegget fornyast.

**NY PLATTFORM.** Den eksisterande plattform mellom spor 1 og 2 skal rivast og erstattast av ei ny og meir moderne plattform mellom spor 2 og 3. Den nye plattform vil bli breiare, lengre og høgare enn den eksisterande plattform. Dette vil betre tryggleiken ved av- og påstiging.

I tillegg skal publikumsområdet oppgraderast med meir lys, nye benker og avfallsstativ. For å sikre god trafikkinformasjon til dei reisande vil det på plattform bli montert høgtalarar og anvisarar som viser togavgangane på Voss stasjon.

For at svaksynte lettast muleg skal kunne orientere seg, blir tryggleikssonene og leielinjenene på plattform taktilt merkte.

**NY UNDERGANG.** Som tilkomst til den nye mellomplattform og til nordsida av stasjonsområdet skal det byggjast ein undergang frå hovudplattform på tvers av alle jernbanespora. Også her skal det monterast høgtalarar og anvisarar som visar togavgangane på Voss stasjon.

Frå undergangen til mellomplattform skal det byggjast ein heis og ei rampe. Over den 40 meter lange rampa skal det vere tak for å skjerme dei reisande mot vêr og vind.

Frå hovudplattform på sørsida av spora og ned i undergangen skal det byggjast trapp med varme og ei mellombels, relativt bratt rampe. Kommunen planlegg å leggja området på sørsida av stasjonen. Når dette er gjort, vil rampa ut i dette området få slakare stigning og universell utforming.

I nordenden av undergangen vil det bli bygd ei rampe som blir tilknytt den eksisterande kommunale gang- og sykkelvegen på nordsida av stasjonsområdet.

Gangbrua ved Fleischer's Hotel, som i dag bind sør- og nordsida av stasjonen saman, vil bli riven når den nye undergangen vert teken i bruk.

**PARKERING AV TOG.** Opphavleg vart toga på Voss stasjon parkerte på eit område som ligg vest for stasjonen, men dei siste åra har toga vorte parkerte inne på sjølve stasjonsområdet.

For å møte dagens krav til tryggleik og kapasitet skal toga i framtida i all hovudsak verte parkerte på det opphavlege parkeringsområdet. Her skal det byggjast fem nye "togvarmepostar" som held toga varme når vêret er kaldt. Det vil også bli sett opp meir lys i dette området.

**FORNYING AV TEKNISK ANLEGG.** Store delar av det jernbanetekniske anlegget på Voss stasjon treng å fornyast, og dette arbeidet skal no også ta til.

Heile kontaktleidningsanlegget over ein strekning på om lag 650 meter skal skiftast ut. I tillegg skal fleire av spora og sporvekslane skiftast ut. Dette krev at det vert gjort nødvendige tilpassingar i signal- og sikringsanlegget.

**ANLEGGSPERIODE OG STØY.** Dei førebuaende arbeida er allereie sette i gang. I byrjinga av april vil arbeida med å bore fundament til dei nye kontaktleidningsmastene ta til. Dette arbeidet vil gå føre seg frå starten av april til over påske.

Arbeida med hovudentreprisen vil truleg starte i juni, og dei skal etter planen vere ferdige innan utgangen av 2012. Ein må rekne med støy frå anleggsplassen mens arbeida går føre seg.

På grunn av omsynet til tryggleiken og dei reisande på Bergensbanen må delar av arbeida på Voss stasjon gjerast om natta. Dei nærmaste naboane vil bli varsla dersom det skal gjerast støyande arbeid om natta.

**i** Ta kontakt med byggjeleiar Norvald Skjoldli eller byggjeleiarassistent Knut Helge Byrkje dersom du har spørsmål om arbeida på Voss stasjon.

**G** **Byggjeleiar**  
Norvald Skjoldli  
Tlf: 916 66 119  
Epost: nskj@jbn.no

**G** **Byggjeleiarassistent**  
Knut Helge Byrkje  
Tlf: 916 59 329  
Epost: heb@jbn.no

Jernbaneverket  
Biblioteket

JBV

Meir informasjon finn du på [www.jernbaneverket.no](http://www.jernbaneverket.no)



11TU00478